

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Trude Brosvik (KrF) sette fram slikt forslag til uttale til Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget, samt til regjeringa v/kulturminister Abid Q. Raja:

«Vestland fylke vil sikre nynorsk i Outlook iOS-appen
For nokre veker sidan vart det kjent at Microsoft frå slutten av juni kuttar nynorsk og 26 andre språk frå Outlook for iPhone og iPad. Epost- og kalenderprogrammet til Microsoft er det mest brukte i verda ved sida av Gmail frå Google.

Denne omlegginga fører til at språket til om lag 600 millionar menneske ikkje lenger skal bli brukt i denne appen. Både nynorsk, her i Noreg, og islandsk vert råka. Forklaringa frå Microsoft er at dei vil «oppretthalde konsistens på tvers av Microsoft 365-appar for iOS». Vestland fylkesting ber Microsoft snu i denne saka og halde fram å tilby nynorsk. Det er spesielt underleg at Microsoft plukkar vekk nynorsk frå denne appen, når Microsoft har innarbeidd nynorsk i sine program sidan 2003. Vestland fylkesting meiner det er viktig at nynorskbrukarane møter nynorsk overalt. Det er spesielt viktig at nynorsken vert brukt i den heildigitaliserte kvardagen vår.

Offentleg innkjøpspolitikk er viktig om ein skal styre språkutviklinga i Noreg. Vestland fylkeskommune er ein av dei største nynorske arbeidsgjevarane i Noreg. Dette forpliktar oss til å bruke innkjøpsmakta vår. I utlysing av nye innkjøp og anbod må det så langt råd er, stillast språkkrav til programvare og eventuelt andre digitale hjelpemiddel.

Vestland fylkesting ber vidare regjeringa v/ kulturministeren engasjere seg i denne saka.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget sendar slik uttale til Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget, samt til regjeringa v/kulturminister Abid Q. Raja:

«Vestland fylke vil sikre nynorsk i Outlook iOS-appen
For nokre veker sidan vart det kjent at Microsoft frå slutten av juni kuttar nynorsk og 26 andre språk frå Outlook for iPhone og iPad. Epost- og kalenderprogrammet til Microsoft er det mest brukte i verda ved sida av Gmail frå Google.

Denne omlegginga fører til at språket til om lag 600 millionar menneske ikkje lenger skal bli brukt i denne appen. Både nynorsk, her i Noreg, og islandsk vert råka. Forklaringa frå Microsoft er at dei vil «oppretthalde konsistens på tvers av Microsoft 365-appar for iOS». Vestland fylkesting ber Microsoft snu i denne saka og halde fram å tilby nynorsk. Det er spesielt underleg at Microsoft plukkar vekk nynorsk frå denne appen, når Microsoft har innarbeidd nynorsk i sine program sidan 2003. Vestland fylkesting meiner det er viktig at nynorskbrukarane møter nynorsk overalt. Det er spesielt viktig at nynorsken vert brukt i den heildigitaliserte kvardagen vår.

Offentleg innkjøpspolitikk er viktig om ein skal styre språkutviklinga i Noreg. Vestland fylkeskommune er ein av dei største nynorske arbeidsgjevarane i Noreg. Dette forpliktar oss til å bruke innkjøpsmakta vår. I utlysing av nye innkjøp og anbod må det så langt råd er, stillast språkkrav til programvare og eventuelt andre digitale hjelpemiddel.

Vestland fylkesting ber vidare regjeringa v/ kulturministeren engasjere seg i denne saka.»